

## Silda Velforening – Styremøte

Møte: 11. juli 2015

Tilstades: Jan Silden, Kjell Rune Gangsø, Karin Sølvsberg Silden og Paul Sundnes.

Varerepresent: Ingen innkalla

Etter mange forsøk lukkast det å få samla dei valde representantane til konstituerande styremøte.

### 1. Konstituering

Leiar: Karin Silden Sølvsberg aksepterte valet.

Nestleiar: Jan Silden.

Sekretær: Paul Sundnes

Kasserar: Kjell Rune Gangsø

Styret vedtok at vararepresentantar skal få innkalling til styremøte.

1. vara. Sindre Langlo

2. vara. Unni Henden

### 2. Framtidig konstituering

Etter dei erfaringar vi har hatt denne våret for å få til eit konstituerande møte må lærdomen bli at styret skal/må konstituerast umiddelbart etter årsmøtet.

Kjell Rune melder styreendinga til Brønnøysundregistret

### 3. Møteorganisering

Det vart semje om at styremøte med fordel bør avviklast pr e-post, dersom det vart problem med å møtast.

Dersom ein av styremedlemane får oppmoding om ei sak eller ønskjer at styret skal ta stilling til eit spørsmål skal dette sendast samla til alle styremedlemane mded informasjon til varamedlemer. Etter at alle 4 styremedlemane har uttalt seg til styreleiar og det er semje vert det laga ein styreprotokoll.

### 4. Renovasjon på Silda

Kåre Silden orienterte styret om det nye søppelrommet som Normil har sett opp på kaia, og Normil meiner at to kontainrar er nok for 2 vekers søppeloppsamling for dei som har betalt renovasjonsavgift.

Normil vil sende ut kode til dei som har betalt renovasjonsavgift.

Det vart stilt spørsmål om Vågsøy kommune har svart på brevet datert om tvungen renovasjon på Silda, datert 5. april. Ingen har høyrte noko om dette. **Sekretæren vert pålagt å purre.**

### 5. Saker som vart drøfta

a. **Grasrotandelane:** Det må gjerast meir får å gjere denne ordninga kjend både via Silda.com og Facebook. 2014 gav netto på 4.000 kr til laget.

b. **Hjertestaretar:** Kåre Silden møtte styret og orienterte om at «Øyglimt» har kjøpt inn to «Hjertestartarar» til plassering på Silda. Ein av «Hjertestartarane» er plassert i inngangen til garderobeavdelinga i Grendahuset. **Silda Vel skal gjere dette kjent på si heimesida.**

c. **Skaterampen.** Paul har drøftingar på gang om ein høveleg plass for tiltaket og vil venteleg ha ein skrifteleg avtale på plass med det første. Når SFE får maskin på land må vi få planert og grusa den aktuelle plassen. Vi bed Kjell Rune og Ole om å vere kontaktperson for dette. Rampen vår vi monterer ved tid og høve etter at grunne er opparbeidd.

d. Grilldagen: Kari er ikkje på øya den 18. vi andre ordnar med varme grillar og bord.